

Landbruk i Verdiskapingsplanen

Sogn og Fjordane 2016 – 2025



Sogn og Fjordane fylkeskommune 2016

Landbruk i Verdiskapingsplanen

Innhald

Bakgrunn - ei spissa satsing gjennom Verdiskapingsplanen	3
Status	3
Sogn og Fjordane vil satse på	7
Mål for planperioden	7
1. Verdiskaping ved produksjon og foredling	7
1.1 Omstilling og utvikling i primærproduksjonen	7
1.2 Verdikjeder med marknadspotensiale	8
1.3 Landbruksbasert tenesteproduksjon	10
2. Sysselsetting og busetnad	11
2.1 Rekruttering til landbruket	11
2.2 Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar	11
2.3 Eigedomsoverdraging og fritidsbustader	12
3. Forsking, utvikling og innovasjon	13
3.1 Samordna FoU-innsats	13
3.2 Kompetanse og rådgjeving	14
4. Nasjonale rammevilkår	15
4.1 Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk	15
4.2 Regional bruk av nasjonale støtteordningar	16

Bakgrunn - ei spissa satsing gjennom Verdiskapingsplanen

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 9. desember 2014 at det skulle lagast ein plan for landbruket under Regional Plan for verdiskaping.

I Verdiskapingsplanen er hovudutfordringa og målsettinga auka folketal, og med ein ambisjon om ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Dette føreset 500 nye arbeidsplassar kvart år.

Landbruk i Verdiskapingsplanen byggjer på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016. I denne er bredda i landbruksnæringa omtala med primærproduksjon, foredling og tenesteproduksjon. Planen vart utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Skogeigarlaget, Innovasjon Norge og KS.

Tema landbruk under Verdiskapingsplanen peikar ut nokre satsingsområde, og der det er naturleg er heile verdikjeda tatt med. Det betyr at alle næringsgreiner ikkje er nemnde, men her legg vi Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) i botnen som ein meir omfattande utviklingsplan for landbruket. Landbruksbasert reiseliv er ikkje mykje omtalt i dette dokumentet, her viser vi til reiselivsplanen der det mellom anna vert satsa på lokal mat og opplevingar.

Status


I dette dokumentet har vi samla informasjon om no-situasjonen for produsert volum, verdiskaping og sysselsetting. Kommuneoversikta viser verdiskaping knytt til jordbruk, skogbruk, tilleggsnæringar og landbruksbasert næringsmiddelindustri.

Tabell 1: Produsert volum i Sogn og Fjordane og prosent i høve til landet i 2014
(Kjelde: Landbruksdirektoratet).

	Sogn og Fjordane (volum)	Sogn og Fjordane - del av den nasjonale produksjonen (%)
Kumjøl (kg)	102 168 330	6,8
Geitmjøl (kg)	2 772 806	14,7
Storfekjøtt (tonn)	4 478	5,7
Lammekjøtt (tonn)	2 036	8,4
Svinekjøtt (tonn)	1 800	1,4
Bringebær (kg)	1 449 615	68,1
Jordbær (kg)	163 778	2,9
Morellar (kg)	162 348	26,2
Plomme (kg)	178 742	15,6
Eple (kg)	796 817	10,4

Som det går fram av tabell 1 har Sogn og Fjordane ein stor landbruksproduksjonen. I 2014 var Sogn og Fjordane sin del av den nasjonale produksjonen 68,1 % for bringebær, 26,2 % for morellar, 15,6 % for plommer, 14,7 % for geitemjøl, 8,4 % for lammekjøtt og 6,8 % for kumjøl.

Oppdatert statistikk og utvikling dei 10 siste åra ligg på nettsidene til fylkeskommunen (Fylkesspegelen) og Fylkesmannen.



Figur 1: Verdiskapinga i primærproduksjonen fordelt etter driftsform i Sogn og Fjordane 2013 (Kjelde: NILF Notat 2015-13).


I jordbruket i Sogn og Fjordane står mjølkeproduksjonen for den største verdiskapinga. Figur 1 viser at 58 % av verdiskapinga er knytt til mjølk og 22 % er knytt til sauehald. Frukt og bær kjem på ein tredjeplass med 8 %.

Tabell 2: Tal personar som er sysselsette i jord- og skogbruk og i landbruksbasert industri i 2014 i Sogn og Fjordane (Kjelde: SSB).


	Sogn og Fjordane
Sysselsette personar i jord- og skogbruk	2 373
Sysselsette i næringsmiddelindustrien	1918
Sysselsette i trelast og trevareindustri	549
SUM sysselsette personar	4840
Sysselsette i næringsmiddel-, trelast og trevareindustrien i høve til totalt sysselsette i industrien	39,1 %

4840 personar i Sogn og Fjordane er sysselsette i jord og skogbruk og i landbruksbasert industri. Næringsmiddelindustrien er den største industrigreina i fylket og sysselset 39,1 % av dei industritilsette (tabell 2). Trevareindustrien er nok ikkje i like stor grad som næringsmiddelindustrien basert på lokalt råstoff.

Figur 2 viser korleis sysselsettinga i næringsmiddelindustrien er fordelt mellom ulike bransjar. Her ser vi at foredling av kjøtt/fjørfe står for 32 % av sysselsettinga og meieri/iskrem for 11 %. Fiskeindustrien er også stor i Sogn og Fjordane med 31 %.



Figur 2: Sysselsette i næringsmiddelindustrien fordelt med prosent for ulike bransjar, 2013 (Kjelde: NILF Notat 2015-13).



Figur 3: Verdiskaping i mill. kroner frå tilleggsnæringar i landbruket delt på prosent for ulike bransjar, 2013 (Kjelde: NILF Notat 2015-13).

Figur 3 viser korleis verdiskapinga innan tilleggsnæringar fordeler seg på ulike næringsgreiner. Leigekjøring er størst, tett følgd av turisme. Vidare følgjer utmark, utleige, anna tenesteyting og anna vareproduksjon. Den samla verdiskapinga for tilleggsnæringar var 133,2 mill. kroner i 2013.

Tabell 3: Tal landbruksbedrifter og verdiskaping (mill. kroner) frå jordbruk, skogbruk, tilleggsnæring og landbruksbasert næringsmiddelindustri i kommunen i Sogn og Fjordane 2013 (NILF Notat 2015-13).

	Landbruks- bedrifter (stk)	Jordbruk (mill. kr)	Skogbruk (mill. kr)	Tilleggs- næring (mill. kr)	Landbruksbasert næringsmiddel- industri (mill. kr)	SUM
Flora	150	27,8	7,1	6,3	0,6	41,8
Gulen	101	32,5	5,5	4,8		42,8
Solund	25	5,1	0,3	0,7		6,1
Hyllestad	53	9,4	5,3	2,4		17,1
Høyanger	74	18	5,9	5,2		29,1
Vik	172	46,5	4,9	5,4	12	68,8
Balestrand	47	10,6	3,7	2,1	2,5	18,9
Leikanger	47	12,9	1,1	1,1	5	20,1
Sogndal	188	59,3	9,1	8,3	130,5	207,2
Aurland	64	14,7	2,5	4,3	5,6	27,1
Lærdal	101	28,5	6	5,3	8,7	48,5
Årdal	10	1,9	4,4	0,4		6,7
Luster	250	71,9	9,5	9,6	3,9	94,9
Askvoll	118	36,2	2,9	4,2	0,3	43,6
Fjaler	119	30	6,7	4,3	0,6	41,6
Gaular	179	47,2	5,7	8,4		61,3
Jølster	168	57,7	4,7	6,8		69,2
Førde	137	43,8	6	5,9	95,3	151,0
Naustdal	126	30,2	4	4,5	0,3	39,0
Bremanger	88	13,2	3,5	3,6	0,2	20,5
Vågsøy	31	3,9	1,5	0,9	0,2	6,5
Selje	61	17,3	0,7	3,4	1,9	23,3
Eid	174	47,7	8,8	7,7	2,1	66,3
Hornindal	69	24,7	2,7	1,8	0,5	29,7
Gloppen	274	107,2	10,1	10,9	111,5	239,7
Stryn	272	90,2	10,9	14,9	214,6	330,6
SUM	3098	888,4	133,5	133,2	596,3	1751,4

Tabell 3 viser at det i 2013 var 3098 landbruksbedrifter i Sogn og Fjordane. Desse bedriftene hadde ei samla verdiskaping på 1,2 mrd. kroner. Tek vi med næringsmiddelindustrien var verdiskapinga på over 1,7 mrd. kroner. Stryn, Gloppen, Sogndal og Førde har den høgaste verdiskapinga. Dette har samanheng med dei store foredlingsbedriftene som er lokaliserte i desse kommunane. Den største verdiskapinga i primærproduksjonen finn vi i kommunane Gloppen, Stryn, Luster og Sogndal.

Meir informasjon på:

- Fylkesspegelen: <http://www.sfj.no/landbruk.343352.nn.html>
- Nettsida hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Statistikk-innan-landbruk/>

Kva Sogn og Fjordane vil satse på

Vi har valt ut nokre satsingsområde der Sogn og Fjordane kan auke tal arbeidsplassar og verdiskaping i landbruket. Det har vore viktig å avgrense dette til område der vi sjølve kan påverke utviklinga gjennom eigen innsats.

Satsingsområda:

1. Verdiskaping ved produksjon og foredling
 - a. Omstilling og utvikling i primærproduksjonen
 - b. Verdikjedar med marknadspotensial
 - c. Landbruksbasert tenesteproduksjon
2. Sysselsetting og busetnad
 - a. Rekruttering til landbruket
 - b. Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar
 - c. Eigedomsoverdraging og fritidsbustader
3. Forsking, utvikling og innovasjon
 - a. Samordna FoU-innsats
 - b. Kompetanse og rådgjeving
4. Nasjonale rammevilkår
 - a. Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk
 - b. Regional bruk av nasjonale støtteordningar

Mål for planperioden

1. Verdiskaping ved produksjon og foredling

Hovudmål:

Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke.

1.1 Omstilling og utvikling i primærproduksjonen

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen	<ul style="list-style-type: none">• Aktiv rådgjeving om nybygg til mjølk• Produksjonsretta oppfølging før og etter utbygging• Målretta bruk av investeringstilskot til nye lausdriftsfjøs	% av kyrne i lausdrift
Innovasjon i sauehaldet og for ammeku	<ul style="list-style-type: none">• Aktiv rådgjeving på nybygg til sau og ammeku• Teste ny teknologi i fjøs og på beite• Målretta bruk av investeringstilskot	Tal sauer og ammekyr Volum av lammekjøt og storfekjøt Tal dyr med elektronisk sporing Tal nye fjøs

Auke lokal produksjon av grovfôr	<ul style="list-style-type: none"> Etablere «Programstyret for grovfôrbasert husdyrhald» Aktiv bruk av FoU-arbeid Kartfeste areal som ikkje er i drift og areal som er eigna for nydyrking 	Dekar jordbruksareal i drift
Auke lokal produksjon til foredlingsindustrien (TINE, Nortura, Nordfjord Kjøtt og Lerum)	<ul style="list-style-type: none"> God samordning mellom primærproduksjon og industri Produktutvikling Merkevarebygging på geografisk opphav 	Volum i foredlingsbedriftene Tal nye merkevare med geografisk opphav

Nasjonale retningslinjer set ein stoppar for båsfjøs til kyr frå 2024. Det må difor byggjast lausdriftsfjøs for å oppretthalde mjølkeproduksjonen i Sogn og Fjordane i tråd med dei nye krava. Dette krev store investeringar og set store krav til planlegging, finansiering og drift. I 2015 er 32 % av kyrne i Sogn og Fjordane i lausdrift. På landsplan er talet 46 %. Sogn og Fjordane er dårlegast i klassen på lausdrift saman med Aust-Agder, Troms og Hordaland.

Innan grovfôrbasert husdyrhald er det behov for eit samordna arbeid på forskning og utvikling (FoU). Dette gjeld t.d. dyrking av fôr, maskiner og reiskap, husdyrrom og innandørsmekanisering. Teknologi og kunnskap opnar for andre måtar å drive husdyrhaldet på.

Produkt frå Sogn og Fjordane bør i større grad knytast til geografisk opphav. Gamalost frå Vik, Balholm og produkt frå Lærdal Grønt er lokale varemerke på gode produkt som vert seld nasjonalt. Dette må utviklast vidare.

1.2 Verdikjeder med marknadspotensiale

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Auke verdiskaping frå skogen	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide oversiktsplanar over område for intensivt skogbruk Utarbeide områdeplanar der vegbygging, hogst og planting er felles på tvers av eigedomsgrenser Etablere «Programstyret for skog og tømmer» FoU på meir lokal foredling av tømmer og klyngesamarbeid Oppgradere vegnettet for tømmerbilar på 22 m/60 tonn 	Oversiktsplanar Områdeplanar Foredlingsbedrifter Hogst Planting Tømmer foredla lokalt Vegnett 22m/60 tonn
Auke produksjon av bringebær, jordbær, morellar, eple, plommer og pære	<ul style="list-style-type: none"> Vidareføre «Programstyret frukt og grønt» og næringsklynga frukt og bær Tett dialog med marknaden Effektiv logistikk frå produsent til marknad Aktiv rådgjeving og FoU-arbeid 	Del av nasjonal produksjon Førstehandsverdi Omfang av FoU-arbeid

	<ul style="list-style-type: none"> • Kartfeste areal som er eigna for dyrking av frukt og bær • Målretta bruk av investeringstilskot 	
Innovasjon i hagebruket	<ul style="list-style-type: none"> • Finne fram til nye vekstar og prøve dei ut i praktisk dyrking • Utvikle effektiv driftsteknikk som også sikrar produktkvalitet i eit endra klima • Produktutvikling med råstoff frå hagebruket 	<p>Tal nye vekstar Nye driftsteknikkar Tal nye produkt</p>
Auke omsetting og sysselsetting i bedrifter med lokal foredling av mat	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp etablerte og nye bedrifter • Styrke rådgjeving og tilrettelegging gjennom Kompetansenavet Vest og Bondens Marknad • Etablere faglege møteplassar for mindre matbedrifter • Målretta bruk av offentlege støtteordningar 	<p>Omsetting i foredlingsbedrifter med lokal mat</p> <p>Tal bedrifter på Bondens Marknad</p>
Auka bruk av lokal mat i reiselivet	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp reiselivsbedrifter som ønskjer å satse og å profilere seg på lokal mat • Formidle kontakt mellom råvare-, foredlings- og serveringsbedrifter 	<p>Tal serveringsbedrifter som marknadsfører seg på lokal mat.</p>

Skogeigedomane i Sogn og Fjordane er små og ligg ofte som smale striper oppover dalsida. For å sikre ei rasjonell drift og avkastning til grunneigarane må større område sjåast i samanheng. Gjennom «områdeskogbruksplanar» vert det utarbeidd ein felles plan for mange eigedommar som omfattar driftsmetodar, tid for hogst, vegbygging og rasjonell arrondering av plantefelt.

Arealet med planta skog i Sogn og Fjordane er 370 000 dekar eller om lag like stort som det dyrka arealet. Det betyr at under 2 % av arealet i fylket eller kring 15 % av det produktive skogarealet er planta skog. Planting av skog vert peika på som eit viktig klimatiltak for å binde CO₂. Når Sogn og Fjordane skal ta del i denne viktige miljøoppgåva, er det viktig å plante treslag som er effektive CO₂-bindarar og som er etterspurd i marknaden. Planting bør primært skje i område med etablert skogbruk og infrastruktur, og ikkje i område som skapar konflikt i forhold til verdifulle naturområde, kulturlandskapsområde eller friluftsområde.

Frukt- og grønntæringa i Sogn og Fjordane er ei innovativ næring i vekst. Verdien av produkta frå produsent har auka år for år og var i 2014 på 120 mill. kroner. Arbeidet har vore koordinert gjennom «Programstyret for frukt og bær» som omfattar heile verdikjeda med dyrkar, fruktmottak, rådgjeving, forskning og grossist for butikk. Dette utviklingsarbeidet må halde fram både med marknadsretting, auka produksjon, opplæring og innovasjon.

Lokal fordeling av mat omfattar bedrifter som driv vidareforedling og servering basert på norske råvarer der produksjonen har eit handverksmessig preg. Ved ei kartlegging av 52 bedrifter fann Innovasjon Norge at desse bedriftene i 2013 hadde ei samla omsetting på 100 mill. kroner. I tillegg kjem satsinga på lokalt øl med ei omsetting på 28 mill. og direktasal av frukt og bær med 20 mill.

Bedrifter som satsar på lokal mat får ei fagleg oppfølging med tilbod om kurs, bedriftsbesøk og mentor gjennom Kompetansenavet Vest som er lagt til Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Gloppen Hotell og Åmot Operagarde er to av bedriftene i Sogn og Fjordane som har marknadsført seg på lokal mat. Mat har potensiale til å bli ein større del av opplevinga av Sogn og Fjordane der tilreisande i større grad kan smake på fylket. Dette krev kunnskap hos kjøkkensjefar og god logistikk for å få dei lokale råvarene fram i rett tid.

1.3 Landbruksbasert tenesteproduksjon

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Gjere «Inn på tunet» (IPT) til ei langsiktig og lønsam næring	<ul style="list-style-type: none"> • Auka kompetanse om tenesta i kommunane og hos andre offentlege kjøparar • Kvalitetssikre tilbodet gjennom nasjonal godkjenningssordning • Styrkje rådgjevinga og stimulere til nettversbygging og samarbeid hos IPT-bedriftene • Målretta bruk av offentlege støtteordningar 	<p>Tal offentlege aktørar som kjøper slike tenester</p> <p>Omsetnad i IPT-bedriftene</p> <p>Tal godkjende bedrifter</p>
Auke inntening til landbruksføretak gjennom entreprenørdrift og levering av tenester som stell av grøntareal, vaktmeister og energisal	<ul style="list-style-type: none"> • Gje opplæring i formalitetar kring entreprenørdrift • Etablere samarbeid mellom bønder for å kunne ta større oppdrag 	

«Inn på tunet» (IPT) er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje mestring, utvikling og trivsel for brukaren der aktiviteten tek utgangspunkt i arbeidet og livet på gardsbruket. I Sogn og Fjordane er det kring 50 tilbydarar av ulike IPT-tilbod, og mange av tilbydarane er organiserte gjennom eit eige tilbydarnettverk. Det offentlege er den største kjøpargruppa av slike tenester. Døme på sektorar det IPT-tilbydarane leverer tenester er opplæring, tilbod for demente, barnevern og psykiatri og rusomsorg. Det er ei stor utfordringar at kjøpargruppa ikkje har god nok kunnskap om kva IPT kan nyttast til og korleis dette kan vere gode tilbod til brukarane. Vidare er det store utfordringar med å få langsiktige kontraktar med kjøpar, noko som hemmar utviklinga av denne næringa.

Entreprenørdrift eller leigekøyring som til dømes snøbrøyting utgjer 39 % av verdskapinga innan tilleggsnæringar og er den viktigaste tilleggsnæringa i landbruket. Gjennom sal av tenester får bønder auka inntening ved å nytte erverva maskiner, kunnskap, ferdigheiter. For å kunne ta på seg større oppdrag må det etablerast formelle samarbeid, til dømes gjennom selskap som «Bygdesørvis».

2. Sysselsetting og busetnad

Hovudmål:

Sogn og Fjordane skal auke tal arbeidsplassar og folketalet i aktive landbruksbygder.

2.1 Rekruttering til landbruket

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Gje tilbod om næringsretta vidaregåande opplæring for ungdom	<ul style="list-style-type: none">Gjere naturbruk til ei fagleg attraktiv linje ved Mo og Øyrande vgs og Sogn Jord- og Hagebruksskule	Tal elevar som vel naturbruk Tal elevar som fullfører 3-årig naturbruk
Gje tilbod om næringsretta fagopplæring for vaksne	<ul style="list-style-type: none">Vidareutvikle «Agronomutdanning for vaksne» som ei fleksibel og næringsretta utdanning	Tal elevar på agronomkurs
Sikre arbeidshjelp ved sjukdom, ferie og arbeidstoppar	<ul style="list-style-type: none">Nytte avløyssarlagar som arbeidsgjevar og arbeidsformidlarBusette og integrere personar frå andre land i bygdene	Omsetnad i avløyssarlagar Tal avløyssarar

Landbruksfagleg utdanning skal vere eit yrkesfagleg fagtilbod til ungdom på lik linje som for andre fag. Det er viktig å halde opp og utvikle dette tilbode i Sogn og Fjordane. Fagutdanninga bør særleg rettast inn mot våre produksjonar og dei utfordringane som eit endra klima fører med seg.

Dei fleste som tek over gardsbruk har ei anna utdanning og yrkesbakgrunn. Det er difor naudsynt å sikre landbruksfagleg kompetanse til dei som tek over gardsbruk i «vaksen alder». Dette bør vere ein del av oppdraget til fagskulane.

Tilgang til arbeidshjelp er avgjerande for landbruksnæringa. Avløyssarlagar har vore ein nøkkelfaktor i dette arbeidet då dei har tatt det formelle ansvaret som arbeidsgjevar og sikra rekruttering til ledige stillingar. Det må leggjast til rette for at fleire kan vere avløyssar på heiltid slik at stillingane både er attraktive for ungdom og for arbeidsinnvandrarar som vil busette seg i bygdene.

2.2 Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Skaffe meir kunnskap om sesongarbeidarane	<ul style="list-style-type: none">Kartlegge omfanget av sesongarbeidUndersøke med sesongarbeidarane kva dei har av kompetane og deira interesse for å flytteUndersøke potensiale for heilårsarbeid	Ferdige rapportar

Med bakgrunn i kartlegginga utarbeide ein strategi for rekruttering og integrering	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid mellom offentlege etatar • Samarbeid med faglag, organisasjonar og bygdelag 	Utarbeidd strategi
--	--	--------------------

Dersom folketalet i Sogn og Fjordane skal gå opp, må vi auke tilflyttinga frå andre land. Arbeid er ein vesentleg faktor for busetting og integrering og det må leggjast til rette for at tilflyttarar både kan kjøpe gardsbruk og bli tilsett lokalt. Språkopplæring vil vere ein viktig minimumsfaktor i dette arbeidet.

Ein stor del av sesonghjelpa er utanlandsk arbeidskraft. Frukt- og bærneringa er særleg avhengig av denne hjelpa, men det er også mange med husdyrhald som brukar utanlandsk arbeidskraft i deler av året. Sesongarbeidarane har positive erfaringar frå Sogn og Fjordane og kan vere potensielle tilflyttarar. Då må det leggjast til rette for arbeid også i utanom sesongane i landbruket.

2.3 Eigedomsoverdraging og fritidsbustader

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Medverke til at fleire får kjøpe gardsbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Orienterer om reglar for kjøp av gardsbruk og oppmode til sal av gardsbruk utan fast busetting • Orienterer om reglar som gjeld for deling av gardsbruk i jord og tun der jorda vert seld som tilleggsjord til anna gardsbruk. 	Tal eigedomsoverdragingar
Styrke tenestetilbodet gjennom fleire fritidsbustader i bygda	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmode kommunar og bygdelag om å leggje til rette for hyttefelt med felles infrastruktur 	Tal nye hyttefelt

Høve til å kjøpe eigedom er kanskje ein viktig faktoren for å rekruttere folk til ei bygd. Dette gjeld både eigedom for fritid, fast busetnad og næring. Fleire tomme gardsbruk bør difor leggjast ut for sal anten som sjølvstendige bruk eller ved å dele frå tunet slik at det kan seljast som bustad.

Folketalet i bygdene er vesentleg for infrastruktur. For å sikre tenester som til dømes nærbutikk, bussrute og breiband må det vere brukarar som kjøper tenestene. Erfaringar frå andre deler av landet viser at etablerte hyttefelt medverke til auka omsetnad slik at tenestene vert halde oppe sjølv om det er låg omsetnad i deler av året.

3. Forsking, utvikling og innovasjon

Hovudmål:

Sogn og Fjordane skal samordne innsatsen for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar.

3.1 Samordna FoU-innsats

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Samordna innsats for auka bruk av FoU	<ul style="list-style-type: none">• Vidareføre programstyret for frukt og grønt• Etablere programstyret for grovfôrbasert husdyrhald• Etablere programstyret for skog og tømmer	Tal søknader på forskingsprosjekt
Aktiv bruk av Regionalt Forskingsfond Vestlandet (RFF)	<ul style="list-style-type: none">• Koordinere arbeidet med å prioritere utfordringar og utarbeide søknader til utviklingsprosjekt	Tal landbruksprosjekt som får støtte
Merkevarebygging	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle lokale og regionale varemerke	Nye regionale varemerke

Programstyret for frukt og grønt har vore ein avgjerande suksessfaktor for den vellukka satsinga på frukt og bær. Som eit resultat av dette fekk Sogn og Fjordane også tildelt nasjonale midlar til gjennomføring av eit Arenaprojekt gjennom Innovasjon Norge. Andre verdikjeder i landbruket bør få del i denne måten å arbeide på gjennom etablering av to nye programstyre.

Regionalt Forskingsfond Vestlandet (RFF) forvaltar midlar som vert lyst ut til prosjekt i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Berekraftig matproduksjon i grøen og marin sektor bør også framover vere eitt av satsingsområda for fondet. Programstyra skal medverke til at det vert utarbeidd relevante prosjekt som kan søkje støtte gjennom RFF.

Prosjektet «Forskingsskordinator» i regi av Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har som mål å auke forskingsarbeidet på Vestlandet. Prosjektet skal få fram gode forskingsprosjekt som kan medverke til å utvikle landbruket på Vestlandet, og vere eit bindeledd mellom ulike forskingsmiljø.

Forskingssmiljøa i Sogn og Fjordane er små og er avhengig av lokal medverknad for utvikling og rekruttering. Dei landbruksretta miljøa på NIBIO Fureneset og Njøs Næringsutvikling er skjøre og kan fort forvitre. Lokale oppdrag og eit tett samarbeid med næringa, rådgjevingstenesta og andre forskingsmiljø er viktig for å oppretthalde denne kompetansen lokalt.

Merkevarebygging er viktig for å sikre sal og pris på landbruksprodukt frå Sogn og Fjordane. Dette vil særleg vere viktig for å sikre nærmarknaden på Vestlandet.

3.2 Kompetanse og rådgjeving

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Sikre ei god rådgjevingsteneste til primærproducentane	<ul style="list-style-type: none">• Godt samarbeid mellom offentleg og privat rådgjevingsteneste• Ha den fagleg beste rådgjevingstenesta på Vestlandet• Invitere personar med særleg spisskompetanse på besøk• Delta i nasjonale nettverk• Delta på studieturar til andre land	Avdrått og kvalitet på mjølk og kjøt Avling og kvalitet på frukt og bær Innovative fagmiljø
Utvikle dei gode faglege møteplassane	<ul style="list-style-type: none">• Støtte opp om fylkesdekkande faglege møteplassar	Tal deltakarar
Gje tilbod om fadderordning for nye bønder	<ul style="list-style-type: none">• Nytte kompetansemidlar til fadderordning	Personar som deltek i fadderordning
Sikre vidare drift av lokale og regionale FoU-miljø	<ul style="list-style-type: none">• Medverke til at FoU-miljøa får utfordringar og relevante oppdrag	Tal personar som arbeider med landbruksbasert FoU

Kompetanse er avgjerande for å sikre gode landbruksbedrifter i fylket. Rådgjevingstenesta i primærproduksjonen er i dag knytt til varemottakar, kommunane og Norsk Landbruksrådgiving. Desse fagmiljøa må vere knytt opp i nasjonale nettverk slik at dei er oppdaterte og kan hente kunnskap og ressurspersonar til fylket.

Forsking viser at fagmiljø er ein viktig faktoren når ei landbruksbedrift avgjer om ho skal halde fram eiga drifta eller leggje ned. Her er det avgjerande både med lokale fagmiljø og regionale eller fylkesdekkande møteplassar. Lag og organisasjonar saman med varemottakar må i hovudsak ta ansvar for å skape relevante møteplassar for fagleg påfyll og diskusjon.

Fadderordning er ein god måte å overføre kompetanse mellom erfarne og nye bønder. Ved å bruke noko offentlege midlar, kan slike ordningar styrkast og setjast i system. Vi har i dag døme på fadderhjelp på ideell basis, medan nye ordningar i større grad må søkje støtta frå offentlege midlar.

Njøs Næringsutvikling as og NIBIO Fureneset har særskilde oppgåver knytt til FoU-arbeid i Sogn og Fjordane. Desse fagmiljøa bidreg med viktig kompetanse og sikrar at det vert FoU-utført arbeid lokalt. Saman med andre FoU-miljø i fylket og på Vestlandet vil dei vere viktig for å løyse utfordringar knytt til landbruk i eit endra klima.

4. Nasjonale rammevilkår

Hovudmål:

Sogn og Fjordane skal vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet.

4.1 Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk

Dette satsar vi på:

Delmål	Strategiar	Indikatorar
Gje årlege innspel til Jordbruksforhandlingane	<ul style="list-style-type: none">• Drøfte saka med faglaga• Handsame saka i fylkesutvalet	Årleg uttale
Sikre at nasjonal politikk gjev svar på regionale utfordringar	<ul style="list-style-type: none">• Arbeide for at tilskotsramma for bedriftsretta investeringsmidlar vert dobla• Avklare overgangsordningar og unntak frå kravet om lausdrift for alle kyr frå 2024• Sikre framleis differensierte og målretta tilskotsordningar som tek omsyn til ulike drifts- og arealforhold• Arbeide for styring av dei nasjonale ordningane som stimulerer til drift av jordbruksareal og auka planteproduksjon	Statlege tilskotsmidlar som vert utbetalt til bønder i Sogn og Fjordane
Sikre Sogn og Fjordane som eit beiteprioritert område	<ul style="list-style-type: none">• Arbeide for å få oppretta ei buffersone mot rovviltområdet i region 3.• Arbeide for effektivt uttak av rovvilt før kvar beitesesong tek til	Tal sau som er tapt til freda rovvilt

Landbruksdepartementet inviterer kvart år fylkeskommunen til å kome med innspel før jordbruksforhandlingane. Dette gjev oss høve til å prioritere tiltak som er viktig for utvikling i vår region. Dette er eit viktig arbeid som må halde fram og følgjast opp.

Landbruket i Sogn og Fjordane har særskilde driftsutfordringar knytt til klima, topografi og bruksstorleik. Arbeidet med å redusere talet på nasjonale støtteordningar kan medføre at det i mindre grad vert tatt omsyn til Vestlandet sine særskilde utfordringar. Klimaendringa med meir nedbør og større klimatisk variasjon gjev utfordringar som også den nasjonale politikken må ta omsyn til.

4.2 Regional bruk av nasjonale støtteordningar

Dette satsar vi på:

Nytte handlingsrommet i nasjonale ordningar med regional forvaltning	<ul style="list-style-type: none">• Fastsette regionale utmålingsreglar for nasjonale støtteordningar gjennom drøftingar mellom faglagar i landbruket og offentleg forvaltning	Årleg møte
Aktiv bruk av nasjonale utviklingsmidlar	<ul style="list-style-type: none">• Mobilisere for næringsretta utviklingstiltak som kan støttast nasjonalt	Løyvde kroner i tilskot
Nytte regionale utviklingsmidlar på landbruksområdet	<ul style="list-style-type: none">• Jamstille landbruksbasert næringsutvikling med andre næringar som får støtte frå næringsfond	Løyvde kroner i tilskot

Jordbruksavtalen sett kvart år av midlar som skal forvaltast regionalt. Dette vert styrt gjennom Regionalt bygdeutviklingsprogram og den årlege handlingsplanen med fastsetting av reglar for tilskot. Dette arbeidet vert koordinert av Fylkesmannen i samarbeid med faglagar, fylkeskommunen, KS og Innovasjon Norge.

Fylkeskommunen forvaltar midlar sett av i jordbruksavtalen til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Det overordna målet for ordninga er å bidra til rekruttering og kompetanseheving for næringsutøvarar som kan i vareta og styrkje verdiskapinga i landbruket regionalt.

Innovasjon Norge forvaltar både regionale og nasjonale støtteordningar for næringsutvikling. Døme på nasjonale ordningar er KIL-midlar (Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket), Bioenergiprogrammet og Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping. Sogn og Fjordane må arbeide for å hente midlar frå desse nasjonale ordningane.

Kommunane i Sogn og Fjordane forvaltar kommunale næringsfond. Landbruksrelaterte utviklingstiltak bør i større grad støttast med slike midlar. Dei siste åra har fleire kommunar brukt av næringsfondet for å støtte mobiliseringsarbeid og vegvalsrådgeving i landbruket. Slikt arbeid gjev konkrete resultat og fleire kommunar bør ta landbruk inn som ein del av målgruppa for næringsfondet.